



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Oppstart av verneprosess for 5 skogområde i Rogaland 2025

Statsforvaltaren i Rogaland kunngjer, med heimel i § 42 i naturmangfaldlova, oppstart av verneprosess for 5 skogområde i Rogaland. Alle områda er tilbodne gjennom ordninga frivillig vern av skog. Føremålet med oppstartsmeldinga er å innhente synspunkt på og meir kunnskap om forslaga til vern, og å sikra medverknad før det vert laga eit konkret verneforslag med verneforskrift og vernekart. Etter innspelsperioden er over, vil det utarbeidast et høyringsforslag. Vidare vil det gjennomførast offentleg høyring av verneforslaga, før det vert sendt ei tilråding av verneforslaga til Miljødirektoratet.

Innspel kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan 10. oktober 2025.

Med heimel i naturmangfaldlova § 42, melder Statsforvaltaren i Rogaland oppstart av verneprosess for 5 nye skogområde og utviding av eit naturreservat med eit samla areal på 3388 daa.

Melding om oppstart av verneprosess i fem nye skogområde:

- **Vettrhus** i Sauda kommune, ca. 554 daa, eigd av 3 grunneigar
- **Ulladalen** i Suldal kommune, ca. 1462 daa, eigd av 1 grunneigar
- **Dirdal aust** i Gjesdal kommune, ca. 590 daa, eigd av 7 grunneigarar
- **Dirdal vest** i Gjesdal kommune, ca. 633 daa, eigd av 3 grunneigarar

Melding om oppstart av utviding av eitt verneområde:

- **Rekedal naturreservat** i Sokndal kommune, ca. 149 daa utviding, til totalt ca. 404 daa. Utvidinga er eigd av 2 grunneigarar.

Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37, jf. § 34. Alle områda er tilbodne gjennom ordninga med [frivillig vern av skog](#), der grunneigarane får erstatning for skogen.

Forslag til vernekart og naturfaglege rapportar, finst på heimesida til [Statsforvaltaren i Rogaland](#) under Miljø og klima, eller kan sendast på e-post ved førespurnad, sjå kontaktinformasjon til slutt i brevet. Områda vert også kartfesta i [Naturbase](#) og [Temakart Rogaland](#) som *Foreslåtte verneområder*.



Innleiing om verneprosessen

Me gjer særleg merksam på at karta ikkje er eit verneforslag, men dei areala som skal vurderast vidare i verneprosessen. Til dømes kan det vere kunnskap og vurdering av verneverdiar som ikkje er heilt avgjort, grensene kan justerast etter innspel og det kan koma innspel om stiar eller anna som bør teiknast inn på vernekartet. Etter at innspelperioden er over, vert verneforslag utarbeidd med forslag til vernekart og forslag til verneforskrifter. Desse vert også avklart med grunneigarane. Verneforslaga sendast ut på offentlig høyring. I høyringa vert innspela omtalt og Statsforvaltaren grunnjev endringar og eventuelt kvifor innspel ikkje fører til endringar. Etter at nye innspel på verneforslaga i høyringsrunden er gjennomgått, vert eit endeleg verneforslag utarbeida av Statsforvaltaren. Denne tilrådinga til vern vert sendt til Miljødirektoratet og alle andre høyringsinstansar. Miljødirektoratet skal så utarbeide si tilråding til Klima- og miljødepartementet. Ein må forventa at det kan koma endringar i kart og forskrift gjennom heile verneprosessen.

Kort om overordna formål med vern

Skogvernet skal medverka til å nå nasjonale målsetnader¹ for naturmangfald som Stortinget slutta seg til gjennom bl.a. handsaming av Meld. St. 14 (2015-2016)² *Natur for livet* og Meld. St. 35 (2023-2024)³ *Bærekraftig bruk og bevaring av natur* og FNs Naturavtale (desember 2022)⁴. Hovudbodskapen i desse er eit mål om å stoppe og reversere tapet av natur og økosystem. Vidare at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester, at ingen artar eller naturtypar skal verte utrydda, og at eit representativt utval av norsk natur skal tas vare på for komande generasjonar. Ei rekke trua naturtypar og halvparten av alle trua artar i Noreg er bunden til skog og skogsmiljø. Dei aller fleste av desse artane høyrer heime i den eldre urørte skogen, og fleire artar av lav, insekt, sopp og fugl er avhengig av gammal skog og død ved. Gjennom vern får skogen stå urørt og utvikle seg fritt, og mange livsmiljø vil sikrast. Skogvern er difor eit viktig og prioritert tiltak for å ta vare på norsk naturmangfald. Stortinget har sett som mål å verna 10 % av skogarealet. Eit representativt utval av skogen tyder at det skal vernast alle typar skog som finst i Noreg. Derfor er det gitt føringar for kva typar skog som manglar i skogvernet i dag, og me leiter etter dei typane som manglar og har gode verneverdiar, er sjeldan og har førekomstar av trua og nær trua artar og/eller naturtypar.

Kunnskapskjelder

Rapportar frå naturfaglege kartleggingar kan lastast ned frå margin til høgre på sida på nettsida nemnt ovanfor. Rapportane frå skoganalyse er ein ny type rapport som utarbeidast etter kartlegging når områder skal vurderast for vern. I [denne storyen](#) kan du lese om kva som inngår i analysane og korleis me vurderer om skog er verneverdig. For alle områda føreligg ein skoganalyserapport, eventuelt også ein annan type rapport som danner kunnskapsgrunnlaget. Ikkje alltid er heile det foreslåtte verneområdet kartlagt, då det av og til kjem meir tilbodsareal etter kartlegginga. Andre kunnskapskjelder er nasjonale og regionale databasar. Kartlagde skogområde, naturtypar, registrerte artar og mogleg naturskog kan sjåast på kart i Naturbase⁵ og i Temakart Rogaland⁶. Artsregistreringar er kartfesta i Artsdatabankens⁷ Artskart og vurderingar av raudlista naturtypar og

¹ Miljøstatus [Norges klima- og miljømål - Miljøstatus \(miljodirektoratet.no\)](#)

² Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

³ Meld. St. 35 (2023–2024) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-35-20232024/id3054780/>

⁴ Naturavtalen <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/naturavtalen/id2987476/>

⁵ Naturbase <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

⁶ Temakart Rogaland <https://www.temakart-rogaland.no/>

⁷ Artsdatabanken <https://www.artsdatabanken.no/>

Norsk rødliste for naturtyper 2018 <https://artsdatabanken.no/rodlisteformaturtyper>

Norsk rødliste for arter 2021 <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteformarter/2021/>

Artskart <https://artskart.artsdatabanken.no/>



raudlista artar finst også der. Informasjon om ansvarsartar finst på sida *Arter av nasjonal forvaltningsinteresse*⁸ hos Miljødirektoratet.

Omtale og skildring av naturverdiar i dei enkelte verneforslaga

Vettrhus

Foreslått verneområde ligg om lag 4,6 km sør for Sauda på austsida av Saudafjorden, like vest for Vettrhustjørna og Ospetindane.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som den trua naturtypen frisk rik edellauvskog samt fleire artar av trua og nær trua artar. Området representerer ein bestemt type natur som referanse for fuktskogselementet i indre fjordstrøk i form av oseanisk gammal furu- og blandingsskog og gammal frisk rik edellauvskog med enkelte styvar.

Området har god naturskognærleik med mykje liggande og ståande død ved, i tillegg til store gamle tre. Særleg langs fjorden er det mykje store styva ask og alm, store styva almetre finst også i område ved Legdefjellet og mot grensa i nord. Vidare har området store areal med naturtypen frisk rik edellauvskog som er nær trua (NT). Skogvernverdiane er i øvre delar knytt til den eldre furudominerte skogen med innslag av grov osp, og dessutan bjørk og rogn, god mengd og kontinuitet av død ved, innslag av lungenever-samfunn på osp og selje som syner at området har høg luftfuktigheit og er ein mogleg regnskogslokalitet, utan at dette blei stadfesta på grunnlag av artsfunn. Negativt med området er eit granplantefelt som inngår.

Statsforvaltaren vurderer at føreslått verneområdet har stor verdi og fyller fleire manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med den nær trua naturtypen frisk rik edellauvskog med utforminga alm-lindeskog som er ein prioritert naturtype i vår region. Vidare er det eit lågareliggande område (< 300 moh), har god bonitetsfordeling og ligg i eit varmekjært område med fuktig klima. Området er vurdert å ha god naturskognærleik med mykje død ved. Foreslått verneområde vil etablere eit svært godt økologisk nettverk med to andre skogvernområde, Honganvik og Vikaneset, på andre sida av Saudafjorden.

Ulladalen

Foreslått verneområde ligg lengst inn mot aust i Ulladalen og på nordsida av elva Ulla.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av rik edellauvskog med store, gamle tre, styva edellauvtre, gammal furuskog med gamle tre og god førekomst av liggande og ståande død ved.

Statsforvaltaren vurderer at føreslått område har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det er i mellomboreal vegetasjonssone og i klart og sterkt oseanisk seksjon på høg og særskilt høg skogbonitet. Området har fleire område med sjeldne og trua og nær trua skognaturtypar og husarfleire trua og nær trua artar. Furuskogen er verdifull på grunnlag av gammal skog med død ved og gamle tre. Ein del furuer har høg alder sjølve om dei ikkje er så store, målt opp til 300 år. Den krokete forma på furuene tyder òg på høg alder.

⁸ Arter av nasjonal forvaltningsinteresse <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/dataset/details/21>



Dirdal vest

Foreslått verneområde ligg på vestsida i munninga av dalen Dirdal i Gjesdal kommune. Området ligg i ei stadvis bratt lisode som vender mot nordaust ned mot Høgsfjorden og Dirdal.

Me ønsker innspel og forslag på namn velkomne, gjerne av dei som er meir lokalkjende. Yleskog kan vere eit namneforslag, etter vatnet ovanfor. Kleivane er eit anna namn som står på kartet ved stien opp på fjellet.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som har særskilt betydning for biologisk mangfald i form av både fattig og noko rikare boreonemoral regnskog med lauvtre som har fleire indikatorartar og raudlisteartar. Skogen er bjørkedominert, men har god stor førekomst av rogn og ganske grov osp, samt innslag av ask (EN). Litt flaummarkskog (VU) og høgstaude-edellauvskog (VU) finst i søraustre delen, samt at fleire mindre areal med rik kildevannspåverka høgstaudekog/storbregneskog finst spreitt.

Statsforvaltaren vurderer at verneforslaget har stor verdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det i hovudsak er lågareliggande skog, i varmekjært område med svært fuktig klima. Området har store areal vurdert til boreonemoral regnskog og litt flaumskogsmark som begge er prioritert for vern i Rogaland. Verneforslaget husar trua og nær trua artar og mange habitatspesifikke artar for regnskog. Det vil verte eit verneområde med godt kjerneareal og god arrondering. Området bidrar også til godt økologisk nettverk dersom det vert verneområde på begge sider av dalbotnen i Dirdal.

Dirdal aust

Foreslått verneområde ligg på austsida av Dirdal i Gjesdal kommune, i den vestvendte lisida, ned frå Ramnstoknuten og Varberknuten i nord, Kvasseknutane og til Gaupelemmen i sør.

Området treng eit betre namn enn Dirdal aust som verneområde. Me ønsker innspel med gode forslag til eit namn bygda kan kjenne att. Padlane står på topografisk norgeskartet sentralt i området, men dette er eit skildrande ord for korleis topografien er akkurat der. Området ligg i lia nedanfor Ramstoknuten/Ramstonå, Varberknuten og Kvasseknutane. Under synfaring blei det nemnd at området ligg i lia ovanfor Bjørå (som er eit namn som står i kartet lokalnamn.no). Ut i frå dette kan ein tenka seg namn som

- Ramnstoliå,
- Varberliå eller Varbergliå (sistnemnde er eit namn som står i kartet lokalnamn.no)
- Bjøråliå

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld stor variasjon av trua, sjeldan og sårbar natur, i form av høgstaude edellauvskog (VU), frisk rik edellauvskog (NT) og rik boreonemoral regnskog. Rik boreonemoral regnskog med edellauvtre er ein sjeldan skogtype. Edellauvskogen består i hovudsak av eik, men ask, alm, lind og hassel finst òg. Det er god førekomst store gamle edellauvtre, kor ein del er styva. Skogen har særleg betydning for biologisk mangfald i og med mange førekomstar av habitatspesifikke artar og andre indikatorartar på regnskog, samt mange raudlisteartar.

Statsforvaltaren vurderer at verneforslaget har stor verdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det i hovudsak er lågareliggande skog, i varmekjært område med fuktig klima. Området har store areal av to sjeldne og sårbare skognaturtypar, høgstaude edellauvskog og frisk rik edellauvskog og i tillegg boreonemoral regnskog med



edellauvtre som alle er prioritert for vern i Rogaland. Verneforslaget husar mange trua og nær trua artar, mange indikatorartar og habitatspesifikke artar for regnskog. Det vil verte eit verneområde med godt kjerneareal og god arrondering kor ein får med heile høgdegradienten frå dalbotnen ved Dirdalsåna, tilnærma ved havnivå, til toppen av fjellskogen i aust. Området bidrar til godt økologisk nettverk dersom det vert verneområde på begge sider av Dirdal.

Rekedal, utviding

Foreslått utviding ligg rett sør for eksisterande Rekedal naturreservat og er ei fortsetting av edellauvskogen som allereie er verna.

Eksisterande Rekedal naturreservat har allereie ein verneforskrift, men denne vil skrivast heilt om og tilpassast ny mal for naturreservat med skogvern som føremål.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av ulike utformingar av edellauvskogar som lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog, stadvis med svartordominans og stadvis med eik, samt rik svartorsumpskog. Førekomstane av svartor-fastmarkskog utgjer viktige typeområde for slik skog på Sørvestlandet.

Foreslått utviding har ein variasjon av raudlista naturtypar med frisk rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (VU) og rik svartorsumpskog eller kjelde-edellauvskog (begge VU). Det er per juli 2023 registrert 8 trua og nær trua artar i nytt tilbodsarealet. Av desse er det 7 artar som ikkje er funne i eksisterande naturreservat.

Statsforvaltaren vurderer at utvidinga har stor verdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er lågareliggande skog, i varmekjært område på høg og særskild høg skogbonitet. Området har fleire sjeldne og sårbare skognaturtypar og husar fleire trua og nær trua artar som utgjer ei auke i vern av sårbar natur. Saman med det eksisterande naturreservatet vil utvidinga bidra til eit verneområde som godt famnar edellauvskogen i området og har god arrondering frå vassdraget i vest til toppen av åsryggen i aust.

Kort om verknader av vern

Områda som vert verna, vil gjennom verneforskrifta få restriksjonar for bruk. Områda skal vernast mot alle former for inngrep som kan strida mot verneformålet. Restriksjonane gjeld i første omgang at det vil verte forbode å øydelegge eller ta med seg alle former for plantemateriale, både levande og dødt, og at dyr, krypdyr, fuglar og insekt er verna mot skade, forstyrring og øydelegging. Vernet vil ikkje vere til hinder for vanleg, enkelt friluftsliv, men sterk tilrettelegging, er ikkje ønskeleg. Etablering av nye anlegg vil vera utelukka, om ikkje anna er nemnd i verneforskrifta. Verknadene er ikkje omtala fullstendig her, men vil handsamast nøye under arbeidet med verneforskriftene til kvart enkelt verneområde. Eigeomsretten i området vil også etter etablering av vernestatus vere dei eksisterande grunneigarane sin, men skogen og trea er Staten sine.

Vettrhus

Det er ikkje kjent høve som treng omtalast her.

Ulladalen

Det er avmerkt digitalt potensial for småkraft i elva Ulla og frå utløpet av vatnet ved Nyastølen nord for Nyastølheia. Både Ulla og elva nord for Hølen gjennom Storedal er allereie sterkt regulert.



Det går store høgspentkraftleidningar vest for foreslått verneområde. Desse går i høgt luftspenn over dalen ved Fossajuvet. Foreslått vernegrense er trekt vekk frå desse for å unngå konflikt. På kart visar ein kraftleidning på tvers av Fossajuvet og over området Fossane. Denne er fjerna.

Dirdal vest

Den nordlege delen av området med stien opp frå Dirdalsstranda ligg i friluftsområdet Madlandsheia og er verdsett som *svært viktig friluftlivsområde* i kategorien *stort turområde utan tilrettelegging* i regi av Rogaland fylkeskommune. Foreningen for stølsliv og friluftsliv i indre Gjesdal har kartlagt og merka fleire stiar i området som er tatt inn i foreslått vernekart.

Det er eit småkraftverk i drift nede ved fjorden som tar ut vatnet frå Yleskogvatnet/Stølsvatnet. Konesjon vart gitt i 2002, og vatnet vert ført i røyr under terrenget. Kraftverket har inga påverknad på eit eventuelt vern, og motsett, vernet har inga påverknad på kraftverket.

Lnett AS har to kraftlinjer på 52 kV, regionalnett, som går langs nedre kanten av foreslått verneområde. Foreslått vernegrense er lagt tett ved hogstgata. Lnett AS har også søkt og fått konsesjon for ein 132 kV kraftlinje Gilja-Seldal. Status er likevel at konsesjonen er trekt, datert 13.02.2024⁹.

Dirdal aust

Ramnstoknuten og fjella ovanfor foreslått verneområde er kartlagt og verdsett som *svært viktig friluftlivsområde* i kategorien *stort turområde utan tilrettelegging* i regi av Rogaland fylkeskommune. Foreningen for stølsliv og friluftsliv i indre Gjesdal har kartlagt og merka fleire stiar i området og desse er tatt inn i foreslått vernekart.

Det er avmerkt digitalt potensial for småkraft i bekken som renn like nord for Gaupelemmen på gnr./bnr. 78/9, 78/5 og 78/57. Grunneigarane som det gjeld, er kjent med dette, og hadde i starten tatt ut bekken i tilbodet. Etter kvart har dei vald å la bekken inngå i berekningane av takst for skogen. Dermed meldast det oppstart av verneprosess i heile arealet.

Rekedal

Det er ikkje kjent høve som treng omtalast her.

Prosessen vidare

Etter å ha motteke innspel på oppstartsmeldinga om verneprosess, vil Statsforvaltaren gå gjennom desse og byrja arbeidet med å fastsette verneforslaget sin avgrensing (vernegrense) og verneforskrift, samt å utforme høyringsdokumentet som inneheld kunnskapsgrunnlaget for verneforslaget og ein gjennomgang av alle innspela og Statsforvaltars vurdering av desse. Verneforslag og verneforskrift vil saman med høyringsdokumentet sendast ut på samordna lokal og sentral høyring. Kunnskapsgrunnlaget saman med høyringsdokumenta og framlegg til vernegrense og verneforskrift vil være grunnlag for Statsforvaltaren sin tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga si tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD). Til slutt vil KLD samordne sak for kongeleg resolusjon basert på Miljødirektoratet sin samla tilråding nasjonalt.

⁹ Konesjonssak hos NVE <https://www.nve.no/konesjon/konesjonssaker/konesjonssak?id=4358&type=A-1>



Innspel til oppstartsmeldinga

Me er svært takksame for synspunkt på og kunnskap om naturverdiar, brukarinteresser og anna. Me ønsker innspel som kan bidra til gode løysningar for både vern og bruk. Innspel kan sendast med brev eller e-post til Statsforvaltaren i Rogaland.

Frist for å sende innspel til oppstartsmeldinga er sett til 10. oktober 2025.

Postadresse: Statsforvaltaren i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 59, 4001 Stavanger

E-postadresse: sfropost@statsforvalteren.no.

NB! Merk førespurnaden med vår referanse 2025/11686. Hugs også namn på omtalt område.

Dette brevet vert sendt til grunneigarar og naboar av verneområda som er føreslått, aktuelle kommunar, samt aktuelle lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar hos Statsforvaltaren i Rogaland dersom dykk har spørsmål. Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03, solbjorg.torvik@statsforvalteren.no

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
fylkesmiljøvernshjef

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Adresseliste OPPSTARTSMELDING september 2025
- 2 Oversiktskart 1. september

Adresselista kan, saman med brevet, kart av verneområda som er føreslått og faglege rapportar, lastast ned frå heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland, under Miljø og klima. Me ber om å verte kontakta dersom det er feil eller manglar ved adresselista. [Miljø og klima | Statsforvaltaren i Rogaland](#)